



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14029 - 23/4666

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
18.01.2023

## Ferdigattest for bustadblokker i felt BB1 (28 bueiningar) - gbnr 137/109 Alver

**Administrativt vedtak:** Saknr: 068/23  
**Tiltakshavar:** Hordaland Byggutvikling AS  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for 2 bustadblokker i BB1, totalt 28 bueiningar, på gbnr 137/109 seksjon 1-28.**

**Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 24.07.2019 og endringsløyve datert 07.01.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 13.01.2023.

### Skildring

Bygningstiltak:	2 bustadblokker – totalt 28 bueiningar
Adresse:	Alvervegen 10, Alvervegen 12 A-F
Bygningsnummer:	300766784 (20 brukseiningar) 300766926 (8 brukseiningar)
Bruksareal:	3 671 m <sup>2</sup>

	663 m <sup>2</sup>
Vatn og avløp:	Kommunalt
Tal på røykløp:	0

### Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14029

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Hordaland Byggetutvikling AS                      Stølen 26A                      5911                      ALVERSUND

### Mottakarar:

Arkoconsult AS                      Postboks 103                      5291                      VALESTRANDSFOSSEN